

# Bjørneboe-debatt mellom Kaj Skagen og Tore Rem i Dag og Tid frå 24.9 til 10.12 2009

## Utvendig og fordømande

Det er få store ord i Tore Rems *Sin egen herre* om Jens Bjørneboe. Som barn av si tid held Rem seg til lågmælt sarkasme og halvkvaden ironi. Slik kan han fremja subjektiviteten sin under ei maske av objektivitet. Men denne maskerte stilen kan ikkje løyna at han ser Jens Bjørneboe med augo til dei som var motstandarane hans i 1950-åra. Det er eit blikk som er slørt av det moterett lunkne. Men bak sløret stig det etter kvart fram eit lite flatterande bilete av vår generasjons mest omstridde forfattar: ein silkeramp og overgripar, ein andregenerasjons krigsprofitør, ein sjølvoppteiken, upolitisk «idiot», nesten ein landssvikar.

### IDEOLOGISK KITSCH

Rem har ikkje makta å koma på innsida av den unge Bjørneboe, det motkulturelle miljøet han var ein del av kring 1950, eller det antroposofiske grunnsynet som dette miljøet hadde. Han ser alt utanfrå med eit distansert, men ikkje di mindre fordømande blikk. Bjørneboe vert plassert langt ute på ei ekstrem høgreside i eit politisk landskapsmåleri som er rein ideologisk kitsch. Den gamle motsetnaden mellom opplysing og metafysikk vert graven opp att og lagd nysminka på lit de parade. Jamvel det utslitne antikommunistiske skrømtet vert mana fram og sviv huiande gjennom det intellektuelle skumringsljoset. Interesse for Arthur Koestler, den kvassaste kritikaren av stalinismen på den tida, nyttar Rem for å syna kor dårleg politisk dømekraft Bjørneboe hadde.

### UNASJONAL FRAMFERD

Rem gjer ei hovudsak av at Bjørneboe skal ha vore eit «upolitisk» menneske. Han var «utenfor det store, norske fellesskapet». Ifølgje Rem var denne unasjonale åtferda gjengs i den næraste venekrinsen hans ved krigsutbrotet. Medan det store fleirtalet av norske kunstnarar «slutter opp om motstandsbevegelsens paroler, velger André Bjerke, Jens Bjørneboe og Karl Brodersen å stille seg utenfor politikken». I staden interesserer dei seg for nazistiske saker som goetheanisme og reinkarnasjon.

Rett nok var ikkje Goethe nazist, men han var tyskar. «Fredagskveld etter fredagskveld» sit Bjørneboe og venene hans og lyttar til føredrag om Goethe, skriv Rem: «Mens tyske soldathæler klaprer i gatene utenfor, er en gruppe søkende sjeler samlet i håp om å redde tysk kultur.»

Med slik moralistisk ironi strødd ut gjennom boka knyter Rem eit psykologisk landssvik til den unge Bjørneboe. Den politiske passiviteten Bjørneboe og venene hans synte under krigen, vert poengtert så ofte at det hopar seg opp til ein insinuasjon om sympati med den nazistiske okkupasjonsmakta. «Som om Bjørneboes borgerlige individualisme har ført ham inn i et opprør mot rettenkende nordmenn, snarere enn mot den tyske okkupasjonsmakten», skriv Rem.

Bjørneboe «synes å være utenfor alt, ikke minst sitt eget lands skjebne». På toppen lét han etter krigen vera å be Dagbladet om orsaking for det indre landssviket sitt. «Noe direkte selvpoppjør med sin egen posisjon under krigen skulle han aldri ta», konstaterer Rem.

Bjørneboe var altså ikkje berre landssvikar i sublim meining; han angra ikkje eingong. Slik stiller Rem seg breibeint inn i den stolte venstreradikale tradisjonen som gjennom eit halvt hundreår har skandalisert meningsmotstandarar som fascistar og nazistar. Endeleg har vi òg fått den unge Bjørneboe inn i denne gapestokken.

Det er synd at Rem skulle snubla seg ned i ei slik forenkling, nett medan han var på veg til å gje ei langt meir truverdig skildring av miljøa til Bjørneboe, Bjerke og Brodersen som prega av eit nærast eksistensialistisk ungdomsopprør.

#### SALEN I OSCARSGATE 43

Det er eit sterkt bilete Rem gjev oss av antroposofane som sit og høyrer på Englerts føredrag om Goethe og gresk antikk i eit lokale «dekorert med nazisymboler». Kjelda til denne skildringa av lokalet ser ut til å vera Torger Holtsmarks minne i Antroposofi i dag nr. 2/2006, der det står at lokalet var «behørig utstyrt med politiske symboler og slagord». Ein annan av dei få overlevande deltakarane på desse føredragskveldane fortel meg på telefonen at det dreia seg om eit gammalt husvære, der ein vegg mellom to stover var teken bort. Ho skildrar staden som nærast ein «kaffi- og tesalong». Huset var eigd av Husmorforbundet, som var overteke av NS-styret, og leigd bort til ymse organisasjonar. Antroposofane hadde lokalet på tysdagar; Englert nytta det på fredagane; dei andre vekedagane vart det nytta av andre. Vi kan vel gå ut frå at dei politiske «dekorasjonane» var eit fast interiør som dei ymse leigetakarane laut ta med på kjøpet.

Holtsmark seier sjølv at poenget hans med å skildra lokalet i Oscarsgate 43 var «kontrasten» mellom dei politiske dekorasjonane og innhaldet i Englerts føredrag. Det trur eg på, for det er

den same kontrasten eller motsetnaden som Brodersen legg vekt på i sine minne om «Conrad Englert, som gjennom to år holdt sine foredrag om Goethe og Goethe-tiden, mens tyske soldater trampet omkring i gatene og sang sine brutale lanseknekt-sanger».

Her ser vi at Rem har lånt Brodersens uttrykksmåte, men gjeve saka ei diametralt motsett tyding. Ved at innhaldet i Englerts føredrag var blotta for nazistisk innhald, opplevde dei som sat i denne salen, sjølve det å vera til stades som ei indre motstandshandling. Denne tolkinga finn eg rimelegare enn Rems. For under Englerts føredrag i Oscarsgate 43 sat òg Betty og Sophus Clausen, den seinare generalsekretæren i Antroposofisk Selskap i Noreg. Heimen deira i Oslo vart i periodar nytta som dekkhusvære for motstandsørsla. Gjennom halvtanna år skjulte dei den sentrale motstandsmannen Gregers Gram og risikerte såleis livet dag og natt.

Rems skulding mot Bjørneboe om å ha vore likesæl når det gjeld den tyske okkupasjonen, råkar såleis òg aktive motstandsfolk.

## BAKVASKING

Påstanden om ein løynd sympati for okkupasjonsmakta gjeld òg den seinare steinerskulelæraren Karl Brodersen, som førde Bjørneboe inn i antroposofien. Brodersen var i sin tidlege ungdom borti nasjonalsosialismen før han i tur og orden var marxist, freudianar, Kierkegaard-tilhengjar og til slutt antroposof. På same viset som Bjørneboe skal Brodersen ha gjort seg skuldig i eit mentalt landsforræderi. Brodersen veit at han ikkje er «en god nordmann», skriv Rem. «Det er liksom ikke min krig», siterer han frå dagboka til den unge mannen. Samstundes underslår Rem at Karl Brodersen, som på denne tida eigenleg var pasifist, møtte opp til krigsteneste i den norske hæren den 9. april 1940. Som norsk soldat tok han del i trefningar der han nesten sette livet til.

## TYSKVENLEG PASSIVITET

Bjørneboes og Brodersens påståtte tyskvenlege passivitet skal ha fått næring frå den fatalistiske okkultisten Rudolf Steiner, som skal ha sett på dei historiske hendingane som nærast uvesentlege i høve til «en virkeligere virkelighet» i ein oversanseleg sfære. Slik framstiller Rem Steiners syn på den fyrste verdskrigen: «[...] krigen fremsto som en nødvendighet og et fremskritt i menneskehetens utvikling: Det som 'skal skje, skjer'. 'Strømmene av blod' var nødvendige for at utviklingen skulle gå sin gang [...]».

Dette lite tiltalande synspunktet har hjå Rem ei tilvising til ei sekundærkjelde, nemleg Helmut Zanders svære verk om antroposofi. Zander viser vidare til og siterer frå eit føredrag Steiner heldt i 1915. Så langt eg har kunna undersøkje det, vart dette føredraget fyrste gong

offentleggjort i 1971. Korleis kunne Jens Bjørneboe i 1943 ha vore påverka av eit stenografisk referat som låg nedstøva i eit sveitsisk arkiv fram til 1971?

## REFORMATOR

Steiners svære verk på nesten fire hundre band har nokre innslag som med tida har vorte uspiselege. Det gjeld framstillinga hans av rolla rasen spela i urtida til menneskeslekta, i den teosofisk orienterte *Akashakrøniken*, og det gjeld nokre føredrag under den fyrste verdskrigen.

Men det var ikkje desse innslaga i Steiners verk som fascinerte Bjørneboe, Bjerke og Brodersen. Ingen av dei hadde intellektuelt magemål til å sluka ein heil annan person med hud og hår. Ingen av dei kjende seg som antroposofar forplikta på alle føredraga til Steiner ned til siste leddsetning.

Naturlegvis er Steiner mystikar og meditasjonslærer, men samstundes ein sosial reformator. Korkje Bjørneboe, Bjerke eller Brodersen oppfatta Steiner som ein kvietist som meinte at hendingane i verda skjedde etter eit guddomleg lagnadsmønster ein berre måtte sjå på og godta. Ingen som kjende dei, vil kunna godta Rems skildring av dei som berre innertervende.

## ANTROPOSOFI

Ei av dei store utfordringane for ein biografi om Jens Bjørneboe i 1940- og 50-åra er nettopp at antroposofien på denne tida spelar ei så sentral rolle for han. Rem skjønar òg at antroposofien er éin av hovudnyklane til innsikt i livet til den unge Bjørneboe, og han lét antroposofien og den antroposofiske motkulturen kring 1950 danna botnfargen i forteljinga.

Problemet er at forståinga av antroposofien krev at biografen tilkjempar seg eit tankesett og gjer seg kjend med ein idétradisjon som hjå oss er vorten marginalisert. Ein vanleg norsk akademikar som vil skjønna Steiner, vert nesten stilt overfor dei same utfordringane som ein kvit mann som vil skjønna ein ukjend indianarstamme i djupet av Amazonas. Han må for ei tid freista å tenkja og leva som ein av dei. For det framande kan berre skjønast ved at ein så langt som råd vert eitt med det. Kritikken må setjast inn etter at ein har studert dei på deira eigne premisar.

Rems framstilling av antroposofien tyder på at prosjektet hans havarerte heilt i startfasen. Han kom ikkje eingong fram til Amazonas. Han måtte stø seg til sekundærkjelder og lappa saman mistydingar til ei framstilling som berre kan narra dei uvitande.

## PÅ EIN ANNAN PLANET

Dette mangelfulle studiet fører til ei lang rekkje feil og forenklingar av det antroposofiske livssynet. På oppmoding kan eg gjera nærare greie for dette. Her vil eg berre gje eitt døme. I

det grunnleggjande samandraget sitt på s. 121–124 gjev Rem oss overraskande og heilt ny informasjon om reinkarnasjonslæra til Steiner: «Overgangen til neste fysiske tilstand finner sted på en annen planet», forklarar han. Eg har vore oppteken av Steiner i mange år, men dette sakstilhøvet har eg aldri støytt på hjå han. Når vi følgjer Rems tilvisingar, oppdagar vi at han i framstillinga si av re-inkarnasjonslæra til Steiner ikkje har Steiner som kjelde. Han nyttar Helmut Zanders idéhistoriske verk om sjelevandring, der det finst eit fire siders samandrag om Steiner. Inne i dette samandraget finst den setninga Rem nyttar og som vi har sitert ovanfor. Som si kjelde viser Zander til ein føredragssyklus av Steiner med tittelen *Wege und Ziele des geistigen Menschen* (GA 125/204).

I denne ser vi at Zanders setning kjem av ei feillesing. Ei ut--greiing av denne feilen kan berre gjevast med fare for å forklara det dunkle med det dunklære, det ukjende med det endå meir ukjende, som det heiter i den alkymistiske tradisjonen. Men det lyt stå til: I det aktuelle føredraget talar Steiner i nokre få setningar om jordas undergang som planet i ei fjern framtid. I tråd med indisk og teo-sofisk kosmologi ser han for seg at jorda, etter ein ikkje-materiell mellomtilstand, står opp att i ei ny form. Det er altså ikkje slik at menneska mellom dei jordiske inkarnasjonane sine skulle opphalda seg på ein annan planet enn jorda. Den «andre planeten» det er tale om, er jorda i ei ny form. Steiner talar ikkje her om inkarnasjonsprosessen på jorda i vår form. Det handlar om menneskeslektas overgang frå denne planetariske fasen til ein heilt ny fase. Om nokre tusen år. Her gjeld det om å få galenskapen rett. Får vi inn ein heilt ny planet her, på toppen av dei Steiner alt reknar med, kan det verta for mykje jamvel for antroposofane. Men Zander har blanda korta, og Rem klypper og limer frå Zander.

#### KARDINALFEIL

Rem har sjeldan gått til grunnkjeldene i framstillinga si av antroposofien, men stør seg til sekundærkjelder, korte samandrag, ofte laga av forfattarar med ei sterkt kritisk Steiner-oppfatning, så som Zander og Inge S. Kristiansen. Eg meiner ikkje at ei slik kritisk Steiner-oppfatning i prinsippet ikkje kan vera korrekt. Men det må vera sjølv sagt at den antroposofien som Bjørneboe var oppteken av som ei djupt personleg sak, var noko heilt anna enn den antroposofien som Rem legg fram i form av ein mangelfull leksikonartikkel bygd på antipatisk lesing av Steiner.

Her gjer Rem etter mitt syn ein kardinalfeil som undergrev heile det indre aspektet i biografien. Korleis skal vi kunna få noko innblikk i den hovudrolla antroposofien spela i livet til Bjørneboe i åra 1945–55, når vi ikkje får sjå antroposofien slik han var for Bjørneboe sjølv? Rem gjev inga overtydande skildring av korleis det må ha vore for Bjørneboe å vera antroposof. Difor vert òg perioden frå 1945 til 1955 liggjande i eit biografisk tussmørker.

Ved at Rem ikkje tek høgde for dei krava Steiner-studiet set, og ikkje fester blikket på korleis Bjørneboe sjølv oppfatta Steiner og personleg praktiserte antroposofien, går han òg glipp av tydinga av fleire omgrep som er sentrale for å skjønna den unge Bjørneboe. Det gjeld til dømes «hjemløshet» eller «hjemløse sjeler», som går inn i ein heil tidsmytologi som Bjørneboe byggjer opp mellom anna i Jonas og Blåmann.

Det gjeld òg omgrepet «demokrati», som Rem mistyder av di han ikkje har brydd seg med å setja seg grundig inn i Steiners samfunnssyn. Dette kan vi ikkje gå nærare inn på i ei bokmelding, men eg kan på oppmoding gjera greie for kor radikalt Rem har mistydd Steiners tregreiningslære, og kvifor denne mistydinga fører til at han heilt misvisande kan hevda at Bjørneboe og den motkulturelle krinsen rundt han var motstandarar av demokratiet.

## VELKOMEN I LAUGET

Ved at Rem konsekvent ser Bjørneboes person med eit blick utan metafysisk innsikt, vert dramatikken i livslauget han skildrar, nedtona. Vi får eigenleg aldri sjå at det i Bjørneboes tilfelle er ein praktiserande mystikar som i 1957 hamnar i ei drastisk livskrise. Den tilsynelatande saklege skildringa, distansen til hovudpersonen i biografien, saman med uviljen til å sjå livslauget også i eit metafysisk perspektiv, svekkjer nerven i boka. Særleg når det gjeld livskrisa der Bjørneboe sluttar som lærar på Steinerskulen, vert skild frå Lisel, skandalisert i pressa, byrjar å drikka og forlèt landet, saknar ein eit skikkeleg forteljargrep.

Andre gonger bind Rem saman dei dokumentariske fragmenta til eit epos som lèt oss følgja Jens Bjørneboe nærast frå veke til veke gjennom 39 år, som om biografen var der sjølv og tok grundige notat undervegs. Av og til rekonstruerer han månaders ytre og indre liv på grunnlag av eit par datoar, eit notat, ein artikkel. Han kan binda saman spinkle detaljar med sine egne refleksjonar og tolkingar, eller han kan forstrekka fragment og lata som om dei er det heile.

Til dømes vert sommaren 1953 skildra ved hjelp av to artiklar i Ny skole, ein petit i Verdens Gang, eit kort intervju med Aftenposten, eit sitat frå programmet for eit antroposofisk sommarstemne, to privatbrev og eit møterefertat. Ved å laga eit samanhengande lappeteppe av denne spreidde og ytre informasjonen oppstår ein konstruert sommar som løyner meir enn han syner. Det vert lett å lesa på dette viset, men om ein les på dei historisk-filologiske premissane til boka, vert det mest ei forfalsking.

Slik framstår *Sin egen herre* periodisk meir som ein dokumentarroman enn ein biografi. Kanskje er det difor Rem på innbretten til boka ikkje lenger presenterer seg fyrst og fremst som litteraturvitar og professor, men no står fram som «forfatter». Ein lyt vel berre ynskja han velkommen i lauget.

## DET POLITISK KORREKTE

Sin egen herre er ein seks hundre siders dokumentasjon på at i alle fall 1950-åras Jens Bjørneboe har halde på provokasjonskrafta si i den norske ålmenta. Denne provokasjonskrafta heng saman med Bjørneboes metafysiske side, eitt av dei få dynamiske tabua i den politisk korrekte kulturen vår. Dette tabuet er så sterkt at elles samvitsfulle akademikarar som Rem søkk ned på skulestilsnivå når dei skal handsama temaet.

Slik vert Rems biografi med eller utan vilje ein freistnad på å temja Bjørneboe. Ved å ironisera over det metafysiske grunnsynet hans og skandalisera han som politisk idiot i det fyrste bandet av biografien opnar han for å omfamna han som hedonistisk kulturradikalar i neste runde. Alt i alt legg Rem opp til at den Bjørneboe som enno kan utfordra samtida, vert forkasta, medan den Bjørneboe som passar saman med makta i tida, vert omfamna.

## KAJ SKAGEN

*Dag og Tid, 18. september 2009*

# Skagen tvingar tolkingane mine eintydig negativt

## SVEIN GJERDÅKER

– Min fyrste reaksjon då eg las meldinga til Kaj Skagen, var om òg ein annan hadde gjeve ut bok om Bjørneboe med same tittel som eg. Eg hadde særst vondt for å kjenna att min eigen tekst, seier Tore Rem.

Boka til Rem, *Sin egen herre. En biografi om Jens Bjørneboe*, fekk hard medfart av Kaj Skagen i førre nummer av *Dag og Tid*. Skagen meiner Rems biografi ikkje kjem på innsida av den unge Bjørneboe og endar opp med å brunskvetta han under krigen.

Tore Rem skjønner ikkje korleis Skagen kan lesa boka slik.

– Skagen tvingar tolkingane mine i eintydig negativ retning. Slik meiner eg at han sjølv vert antroposofanes verste fiende. Eg ville aldri brukt slike karakteristikkar som han gjer i meldinga. Det er som om Skagen les boka med Max Manus-briller. Men vi veit jo i dag at det store fleirtalet i Noreg korkje var nazistar, kollaboratørar eller aktive motstandsmenn. Det eg gjer, er å prøva å skildra ein mellomposisjon som mange av antroposofane hamna i. Det spesielle var

at dei var tysk-vende med eit nært tilhøve til tysk kultur. Og at dei hadde ei spiritualiserande haldning. Det skapte ambivalens og sette Bjørneboes miljø utanfor den norske krigsrøynsla.

- Utan å skildra denne særeigne røynsla, noko som ikkje har vore gjort før, er det vanskeleg å skjønna rolla til antroposofane i den norske etterkrigstida. Då krigen var over, stod dei utanfor den kollektive forståinga av krigen som seinare har dominert det offentlege ordskiftet og dei vart aldri del av kollektivismen som prega denne tida.

## KARIKERER

Rem er overraska over at all den nye empirien han får fram, ikkje interesserer Skagen. Til dømes korleis den kan forklara Bjørneboes fundamentale oppgjer med «gode nordmenns» forståing av krigen i romanen Under en hårdere himmel frå 1957.

- Det nye materialet eg legg fram om antroposofane og Bjørneboe under krigen, gjer det mogeleg å skjønna bakgrunnen for denne romanen og mykje anna han skriv i 50-åra. Eg kan ikkje skjønna korleis Skagen kan forklara dette med si apologetiske haldning, seier Rem.

- I staden tek han alle verktøy i bruk for å diskreditera meg, så det mest vert parodisk. Som når den kanskje tettast kildebelagde norske forfatterbiografien vert til «dokumentarroman». Skagen burde heller stilt spørsmåla om antroposofane verkeleg hadde dei tankane eg legg fram? Sa dei det eg seier dei sa? Det svarar han ikkje på. Som om han ikkje interesserer seg for historia. For meg er Skagens melding ei sterk øving i røyndomsfornekting.

- Så teksten din kan ikkje lesast som ein insinuasjon om at Bjørneboe og antroposofane sympatiserte med okkupasjonsmakta?

- Det er nettopp paradoksa og mellomposisjonen som interesserer meg. Når Bjørneboe teiknar seg sjølv med hakekross, så skriv eg at det er ingenting som tyder på at han var nazist av den grunn. Og eg skriv eksplisitt i teksten at det òg var motstandsfolk mellom antroposofane.

## PARADOKSALT

- Kan ein vera i ein mellomposisjon under krigen? Er det ikkje det vi kallar for stripe?

- Det vart nok fleire av dei kalla, men eg godtek ikkje «stripe» som analytisk kategori. For å ta avsnittet mitt der antroposofane sit i dei nazidekorerte lokala til Husmorsforbundet og høyrer på eit femtitals føredrag om tysk kultur: For meg er det nettopp paradoksalt, men eg seier ikkje at dei av den grunn er nazistar. Når Skagen skriv at det òg var motstandsfolk i salen som skjulte motstandsmannen Gregers Gram, så skriv han karakteristisk nok ikkje at det òg var tyske soldatar og offiserar på dei same føredraga. Det har eg ikkje brukt i min tekst, nettopp fordi eg



ikkje vil tvinga fram det som Skagen tillegg meg. Det eg vil ha fram, er at dei er så tett knytte til det tyske, men at dei fleste av dei samstundes forakta nazismen.

- Likevel får du meg ikkje til å seia, etter alt vi veit om holocaust, at det var det same kva side ein var på før og under krigen. Poenget mitt er at krigshistoria har synt at det var svært mange som var i ein mellomposisjon og ikkje tok eit klart standpunkt. No må vi ha kome til eit punkt der slike posisjonar kan skildrast.

#### MOGELEG FORKLARING

- Ei anna sak er det at når Bjørneboe seinare hevdar at han såg holocaust alt i 1933, vert posisjonen hans problematisk. Kvifor engasjerte han seg ikkje då? Det kan eg som biograf ikkje lata vera å drøfta.

- Kanskje var grunnen at han, som figuren Johannes Marx i *Jonas*, var mest oppteken av sine egne problem? At han knapt maktar å gå ut på gata og fører ein kamp om liv og død med seg sjølv?

- Kanskje. Eg skriv at nettopp på grunn av dei indre plagene hans så verkar krigen nærast irrelevant for han. Det er heilt klart ei mogeleg forklaring. Eg meiner eg skriv med empati for Bjørneboes situasjon, ikkje ukritisk, men heller ikkje dømande.

#### GENUINT

- Kva med sitatet der antroposofen Englert held eit føredrag om «Jødespørsmålet» i Oslo i 1938 der du skriv at Englert var svært «opptatt av å ikke støte makthaverne i Tyskland. Men vi vet ikke hva han sa under sitt foredrag.» Kan det tolkast som ein insinuasjon om at han var tvilsam i jødespørsmålet?

- Nei, eg skriv heilt genuint at dette veit vi ikkje noko om. Alternativet for meg var å ikkje nemna det i det heile. Terje Christensen, den viktigaste antroposofihistorikaren her til lands, legg stor vekt på korleis Englert i 1930-åra disiplinerte antroposofi-selskapet og går i rette med dei som engasjerer seg politisk. Eg vil tru at Skagen vil oppfatta det òg som brunskvetting.

- Therese Bjørneboe, dotter til Jens Bjørneboe, har òg ytra seg kritisk til di skildring av Bjørneboe under krigen?

- Dette er ingen autorisert biografi, og eg har full respekt for at familiemedlemer har andre perspektiv på dette enn meg.

#### BRUKT MÅNADER

- Kan du nok om antroposofien til å skriva om han?

- Eg har brukt mykje tid på å lesa meg opp både på antroposofien og historia til antroposofien i Noreg dei siste fire åra, til saman mange månadsverk. Eg legg større vekt på rolla til antroposofien i norsk etterkrigshistorie enn nokon andre. Men samstundes krev eg retten til å vera kritisk. Det er ikkje slik at det å ta metafysikken på alvor inneber at diskusjonen dermed er over. Elles har eg vanskeleg for å sjå implikasjonane i det Skagen i meldinga kallar «feil». Og ofte trur eg at han blandar i hop «feil» og «talking».

- Skagen meiner at den som vil skjøna antroposofien, «må for ei tid freista å tenkja og leva som éin av dei», og at «kritikken må setjast inn etter at ein har studert dei på deira eigne premissar». For dei som strevar med å fylgja Skagen, vil eg meina at dette er den heilt sentrale premissen i meldinga. Slik handlar vår usemje ikkje minst om ulike kunnskapssyn. Ifylgje Skagen må ein altså verta éin av dei innvigde før ein har rett til å kritisera. Eg kan skjøna at eg provoserer når eg legg fram ting i det offentlege som er esoteriske – og altså per definisjon skal vera skjulte.

- Men utan at eg legg fram det som antroposofane seier og tenkjer bak linene, og det dei tenkjer høgt i det offentlege, vil ein ikkje skjøna antroposofien som ei historisk drivkraft i denne perioden – noko som har vore heilt grunnleggjande for mi idéhistoriske tilnærming.

- På nytt vil eg seia at det er interessant at Skagen ikkje forhold seg til alle dei nye kjeldene eg har funne fram til. Og det blir lettare komisk når ein som melder denne boka i Dag og Tid, ikkje i det heile nemner rolla antroposofane spela i riksmålsrørsla. Her er mykje nytt stoff om språkkampen i 50-åra. Ikkje minst lyfter eg fram konfliktlinene i riksmålsrørsla. Men Skagen er altså ikkje påfallande interessert i empiri.

## MOTSTRAUMS

- Har du eit tilhøve til metafysikk?

- Eg har vanskar med å skjøna relevansen av det spørsmålet, men ja, eg har eit tilhøve til metafysikk i mi eiga historie. Så teksten min er nok òg på det viset meir fortruleg enn Skagen vil ha det til. Men når han assosierer meg med opplysing og rasjonalitet, så har eg vanskeleg for å oppfatta det som skjellsord. Samstundes har eg ei forståing for rolla til religionane i samfunnet og i historia. Så der skil eg meg klart frå mykje av nyare norsk historieskriving. Eg trur ingen historikarar har lagt så mykje vekt på metafysikken og det kulturelle i denne perioden som eg gjer.

Skagen meiner Rem ironiserer ved metafysikaren Bjørneboe i band 1 for å kunne opne opp for å omfamna Bjørneboe som hedonistisk kulturradikalarar i band 2.

- Eg skjønar ikkje kvar Skagen har fått klarsynet frå til å vita kva som kjem i neste års bok. I Sin egen herre legg eg stor vekt på den verdien antroposofane spela etter krigen og skriv dei opp

slik at dei sit ved sida av «den annen front» i norsk idéhistorie – og såleis at dei representerer ein motstraum til ei konsensusorientert norsk etterkrigstid, seier Rem.

– I avslutninga av biografien opnar eg snarare opp Bjørneboes kulturradikalisme, av di han så tydeleg har ei form for metafysikk med seg vidare i livet. Og forteljinga i *Sin egen herre* er nett ei ganske anna enn den til kulturradikalarane. Det er nok ikkje så lett å vera profet som Skagen vil ha det til.

*Dag og Tid*, 25. september 2009

## Biografi som gapestokk

### KAJ SKAGEN

I førre *Dag og Tid* seier Tore Rem at han ikkje kan skjøna korleis eg kan lesa *Sin egen herre* slik eg gjorde i meldinga mi 18. september. Eg lyt altså forklara meg nærare. Det tek tid og plass. Rem har jo hatt seks hundre sider på seg til å fremja sitt syn.

### NØYTRAL

Eg synest at Rem skildrar Bjørneboe som sosialt likesæl dandy utan å nytta nærliggjande kulturell og psykologisk kontekst som forklåring og utan å sjå dandyen i 30- og 40-åra i samanheng med den sosiale eldsjela i 50-åra. Dermed vert Bjørneboe fordømd som ein moralsk uansvarleg person. Rem undervurderer Bjørneboe både menneskeleg og intellektuelt, som Therese Bjørneboe seier i eit intervju til *Aftenposten*.

Med denne undervurderinga av Bjørneboes karakter legg Rem grunnlaget for å kunna hevda at han var likesæl til nazismen under krigen og var «utanfor» demokratiet etter krigen. Rem seier rett ut at Bjørneboe med klassebakgrunnen sin, nøytraliteten sin til nazismen, sympatien sin for tysk kultur og Knut Hamsun var «disponert» for å kunna forstå og forsvara landssvikarane i romanen *Under en hårdere himmel* (sjå *Sin egen herre*, s. 469). Alt i alt skildrar Rem den unge Jens Bjørneboe som ein slags mental landssvikar. «Han synes å være utenfor alt, ikke minst sitt eget lands skjebne», skriv Rem.

### REM VISSTE

Rem meiner at denne kritikken kviler på ei subjektiv forvrenging av boka hans. Det skal vera slik at eg har lese ein særleg versjon av *Sin egen herre*, som det berre finst eitt eksemplar av. Eg må difor få gjere merksam på at det er fleire andre som har fått denne versjonen.

Eitt døme på det er lanseringa i Morgenbladet 4. september. Der seier idéhistorikaren Jan-Erik Ebbestad Hansen at samfunnskritikken til antroposofane i 1950-åra var «påfallende», og han legg til:

«Man kan forstå kritikken av Ap-statens autoritære sosialisme og krigsoppgjøret. Men når bakteppet er en desinteressert holdning under okkupasjonsårene, ser det ikke så pent ut.»

– Her er underteksten så klar og rungande at alle kan høyra kva som vert sagt. Rett nok er det Ebbestad Hansen, og seinare Arild Linneberg, som kastar skiten i pressa, men det er Rem som har produsert han. Ebbestad Hansen er heller ikkje nokon kven som helst i denne samanhengen. Han står oppført i takkelista til Rem som ein av hans «betrodde lesere». Rem må med andre ord, før boka vart send ut, ha visst at framstillinga hans av Bjørneboes forhold til okkupasjonen såg stygg ut.

### SJØLVOPPTEKEN

Jamvel bokmeldaren til Morgenbladet, Erik Bjerck Hagen, meiner at «hele bokens essens, dens helt sentrale påstand» er at antroposofane «hadde aldri klart å bli gode nordmenn under krigen, og de maktet det heller ikke» i etterkrigstida. *Sin egen herre* inneber ifølgje Bjerck Hagen ei svekking av Bjørneboes ry som moralsk røyst:

«Bjørneboes ry som forfatter er tett sammenvevd med hans ry som public intellectual og moralsk stemme, men biografien gjør lite for å styrke eller opprettholde hans karakter, hans etos.»

### UREINT MJØL I POSEN

I Klassekampen 12. september lagar Arild Linneberg dette samandraget av Rems forteljing om krigsåra:

«[...] verken han [Bjørneboe] eller mora hadde reint mel i posen under andre verdenskrig. Han rømte til Sverige for å unnsnippe arbeidstjenesten, noen krigshelt var han ikke. I Stockholm holdt han lag med en erkekonservativ gjeng av tyskvennlige antroposofar, mange med affinitet til nazismen, som vennen Karl Brodersen.»

Både Ebbestad Hansen, Bjerck Hagen og Linneberg vurderer boka til Rem heilt annleis enn eg. Men at dei har lese same boka, kan det ikkje vera tvil om. Skilnaden ligg i at dei likar det dei les. Dei likar den ironiske vurderinga av Bjørneboes personlegdom og tenking. Dei likar den sarkastiske skildringa av André Bjerke. Dei likar postuleringa av eit slektskapstilhøve mellom antroposofien og nazismen. Dei likar at den einaste frå 50-åras metafysiske motkultur som overlevde i norsk ålmente, endeleg vert avretta, slik at Bjørneboes motstandarar i den gamle

striden – no i Rems skapnad – får stå att som dei einaste levande på valplassen, og i eigenskap av sigerherrar får skriva ikkje berre historia, men jamvel idéhistoria.

Men eg likar ikkje noko av dette, naturleg nok, sidan eg både tankemessig og personleg står i tradisjonen frå den tapande parten.

## UNDERTEKST

Rem skriv ein sakprosa med undertekst, slik at budskapet vert dobbel, av og til sjølvmotseiande. Ved hjelp av slik dobbeltale legg Rem ut i boka ei indisiekjede som endar med fellande dom over Bjørneboe, venene hans og forfattarskapen hans, samstundes som han etterlét nok drivved i sumpen til at han kan berga seg sjølv ut og springa frå ansvaret for den dimme landskapsarkitekturen sin. Fram til side 183 er det om lag tjue lekkar i denne kjeda. Av plassomsyn skal eg nemna berre éin av dei.

Rem fortel at den 31. oktober 1942 møttest ein gjeng kristiansandarar på Theatercaféen i Oslo:

«De er motstandsfolk på ulike oppdrag. Alle kjenner hverandre, alle vet at de andre er involvert i kampen mot okkupasjonsmakten. Erik Dahl-Hansen husker hvordan de fikk øye på Vallen Bjørneboe, kunststudenten, og at han kom bort til bordet deres. Han fleipet og tullet, men satte seg ikke ned. Det var som om han var brydd, som om han følte at han ikke fullt ut hadde de andres aksept. Som om deres krig ikke var hans.» (s. 130)

Ein samvitsfull biograf kunne ha skildra den same hendinga slik: «Ein gjeng kristiansandarar sit på Theatercaféen. Alle kjenner kvarandre, alle veit at dei andre er involverte i illegalt motstandsarbeid. Den 22 år gamle Jens Bjørneboe kjem inn på kafeen. Han kjenner dei ved bordet frå før, sidan dei kjem frå same by. Alt før krigen var Bjørneboe ein outsider i denne krinsen. Eit særleg tvisynt tilhøve må han ha hatt til Erik Dahl-Hansen, som fem–seks år tidlegare fleire gonger var heime hos Bjørneboe-familien for å krevja inn ein pengesum på vegner av far sin som far til Jens fyrst ikkje ville ut med. Outsideren Bjørneboe kjem bort til kjenningane, men vert ikkje beden om å setja seg ned. Han tullar og fjasar litt, verkar brydd. Han veit ikkje noko om det illegale arbeidet dei andre driv med. Men han merkar vel at dei andre dannar ein lukka krins der han sjølv ikkje er velkomen. Etter utveksling av nokre frasar helsar han og går sin veg.»

Denne pinlege sosiale situasjonen tolkar Rem politisk: «Det var som om han var brydd, som om han følte at han ikke fullt ut hadde de andres aksept. Som om deres krig ikke var hans.» Her skriv ikkje Rem nokon biografi, men ein usympatisk dokumentarroman. For å kunna spreia sladder leikar han at han veit kva som gjekk føre seg inne i hovudet til Jens Bjørneboe ein kveld

på Theatercaféen i 1942. Å gjera slik fiksjon til biografiske fakta reknar eg som svindel. Og det finst fleire like grove døme.

#### «MELLOMPOSISJON»

Rem tek opp att og opp att at han ikkje seier at Jens Bjørneboe og det antroposofiske miljøet hans i 40-åra var nazistisk, men at dei inntok ein «nøytral mellomposisjon». Problemet er at nøytralitet under okkupasjonen i seg sjølv er ein betent politisk posisjon. Det tyder at ein under det nazistiske skrekkveldet ikkje eingong i løynd og for seg sjølv tek stilling mot nazismen.

Men Rem seier òg at Bjørneboe var politisk «idiot» eller «apolitisk». Dette er ikkje det same som å vera nøytral. Til dømes sa Rem under lanseringa at Bjørneboe hadde «mer enn nok å slite med i sitt eget sinn» til å interessera seg for politikk. Dette er ingen politisk «mellomposisjon», men ein psykologisk-personleg situasjon som ikkje høyrer heime i det politiske landskapet. Ein kan ikkje spørja kvifor ein mann i rullestol ikkje spring til skogs.

I underteksten i *Sin egen herre* lagar Rem endå ein tredje vevnad. Den som les biografien utan særleg kjennskap til Bjørneboe, Brodersen, Bjerke, Noreg i 1950-åra og antroposofi, får formidla denne dystre samanhangen: Den politiske idioten Bjørneboe og hans nære vener med nazisypatiar sit i nazidekorerte lokale og lyttar til ein tysktalande nazisypatisør som held føredrag om tysk idealisme og romantikk, som vert hevda å vera dei ideologiske røtene til nazismen. Bjørneboe knyter seg til antroposofien, som skal ha mykje til felles med nazismen. I krigsåra blæs han i okkupasjonen og lever i eit nazivenleg miljø.

Dette, seier Rem vidare i ein undertekst som no vakar i overflata til boka, var bakgrunnen for at Bjørneboe i *Før hanen galer* nærast frikjende nazismen som årsak til dei tyske menneskeeksperimenta og i staden la skulda på vitskapen. Den intime nærleiken til nazistisk ideologi og miljø var òg ifylgje Rem bakgrunnen for at Jens Bjørneboe i *Under en hårdere himmel* kunne forstå og forsvara landssvikarane.

Eg skjønar at Rem ikkje vil vera med på å ha sagt dette. Men han har sjølv lagt opp til det. Likar han ikkje det, får han skriva det om.

#### NY KJELDE

Alle desse kvarte, halve og tre fjerdedels skuldingane om nazisme mot ei heil gruppe, og mot namngjevne folk som ikkje lever lenger og ikkje kan forsvara seg, er eit særleg ankepunkt mot boka til Rem. I Brodersens og Bjerkes tilfelle underslår Rem at dei begge to, til liks med (dandyen) Jens Bjørneboe, melde seg til våpenkamp mot tyskarane 9. april 1940. Han underslår at Brodersen alt som sekstenåring i 1934 gjennomskoda nazismen på ein sykkelturn i Tyskland, at han i russetoget i Trondheim den 17. mai 1936 vart hindra i å bera ein

antifascistisk parole, at han dagen etter debuterte som offentlig skribent med eit innlegg for pasifismen i det kommunistiske partiorganet Ny Tid.

I staden gjev Rem tenåringens kortvarige høgreraptus ikkje berre ein heilt usann karakter av organisert nazisme («aktiv nasjonalsosialist»), men òg ein så kvantitativ dominerande plass i skildringa av mannen at den slagsida prega lanseringa og vart slått opp i dagspressa.

